

Samarbeidsavtale

Denne avtalen gjeld samarbeid mellom fylgjande organisasjonar/partar:

1. Sjustjerna helse og omsorg (kommunane Ørsta, Volda, Ulstein, Herøy, Hareid, Vanylven og Sande)
2. Høgskulen i Volda
3. Volda sjukehus (Klinikk Volda og tversgåande klinikkar i HMR)

Avtalen gjeld samarbeid om planlegging, gjennomføring og rapportering for fylgjande tiltak:

1. Fagdagar, temakvelder og andre aktuelle arrangement mellom partane.
2. Etter- og vidareutdanning (kurs og kompetansejevande utdanning)
3. Forsking- og utviklingsarbeid (FOU)
4. Utveksling av fagkompetanse (foredrag, gjesteforelesarar, kurs, vidareutdanning, forskings- og utviklingsarbeid m.m.)

Mål for samarbeidet:

1. Styrke samarbeidet mellom kommunane i Sjustjerna helse og omsorg, Volda sjukehus og Høgskulen i Volda
2. Styrke samhandlinga mellom praksis- og utdanningsfeltet
3. Tiltaka og aktivitetane skal vere til fagleg og praktisk nytte for partane.
4. Tiltaka og aktivitetane skal bidra til at målsettingane i felles kompetanseplan mellom Sjustjerna helse og omsorg og Volda sjukehus og målsettingane i strategiplanen til Høgskulen i Volda vert realisert

Ansvarsfordeling – planlegging og gjennomføring av tiltaket:

Konkrete tiltak og aktivitetar vert gjennomførte etter nærare avtale mellom partane.

Ansvarsfordeling – økonomi:

Dersom tiltaka og aktivitetane genererer direkte utgifter og inntekter av betydning skal det lagast budsjett og resultatrekneskap for kvar enkelt av desse. Partane avtalar kva tiltak og aktivitet dette måtte gjelde og er gjensidig ansvarlege for at dette vert gjort.

For felles fagdagar ved Høgskulen i Volda skal Høgskulen i Volda administrere påmelding og stå føre betaling for avtalte kostnader med arrangementa. Høgskulen i Volda kan trekke inntil 20 % av deltakaravgift til administrasjonskostnader m.v (utg. til infrastruktur).

Samarbeidspartane skal om mogleg søkje om ekstern prosjektstøtte til tiltak som vert arrangert.

Eventuelle underskot som må dekkast inn skal fordelast likt mellom dei tre avtalepartane.

Ansvarsfordeling – rapportering:

Partane er gjensidig ansvarlege for rapportering.

Periode for samarbeidsavtalen:

2023–2026

Informasjonsplikt :

Partane forpliktar seg til å informere kvarandre om alle forhold som kan ha innverknad på gjennomføring av samarbeidet.

Spesielle forhold:

Dersom nokon av partane trekk seg frå samarbeidsavtalen står den andre parten fritt til å inngå samarbeidsavtale med andre om same tiltak/aktivitet.

Denne avtalen er utarbeidd i 3 eksemplar, der partane skal ha eitt kvar.

Volda. 15. juni 2023

For Høgskulen i Volda:

XXXXXXXXXXXXXXXXXXXX

Dekan Avd for Samfunnsfag og Historie

Ulsteinvik, 15. juni 2023

For Sjustjerna helse og omsorg:

XXXXXXXXXXXXXXXXXXXX

Leiar for Sjustjerna helse og omsorg

Volda. 15.juni 2023

For Volda sjukehus

XXXXXXXXXXXXXXXXXXXX

Volda sjukehus